

ÅRSPLAN FOR TUSSEJUV BARNEHAGE 2011 – 2012



Arkivfoto

BRØLØSVEGEN 8, 3840 SELJORD Tlf. 35 06 51 80

E-post: tussejuv.barnehage@seljord.kommune.no

INNHALD

FELLES DEL

2. Innhald
3. Forord
4. Årskalender
5. Me som jobbar i Tussejuv barnehage
6. Organisering – Samarbeid barnehage og heim
7. Dagrytmen
- 8 - 10 Satsingsområde for vår barnehage
- 11- 12 Dei 7 fagområda – korleis jobbar vår barnehage
12. Barn rett til medverknad
13. Dokumentasjon – vurdering – overgangen barnehage til skule
14. Samarbeidsutvalet for Tussejuv barnehage 2011 / 2012

ÅRSPLANAR FOR

ELG GRUPPA

RÅDYR GRUPPA

REV GRUPPA

EKORN GRUPPA

FORORD

Årsplan er Tussejuv barnehage sitt handlingsprogram for barnehageåret 2011 – 2012.

Årsplanen bygger på

- **Lov om barnehagar.**

§ 1. Formål, seier mellom anna:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sin trong for omorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

§ 2. Barnehagen sitt innhald, seier mellom anna:

Barnehagen skal vera ein pedagogisk verksemd.

Barnehagen skal gje barna muligheter for leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar.

Barnehagen skal støtte barna sin nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barna sine interesser, kunnskap og ferdigheter.

- **Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.**

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat som er å tilby barn under opplæringspliktig alder et omsorgs og læringsmiljø som er til barna sitt beste.

Barnehagen sitt innhald skal bygge på eit heilskapleg læringssyn der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse samt sju fagområde viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø.

- **Lokal Rammeplan for barnehagane i Seljord kommune.**

Barnehagane i Seljord kommune har laga ein lokal Rammeplan som tydeleggjer kva me vektlegg lokalt i høve til formål, innhald og oppgåver.

- **Informasjonshefte for Tussejuv barnehage.**
- **Handlingsplan for Undervisningssektoren i Seljord kommune.**
- **Vurderingar og erfaringar frå barn, foreldre og personale.**

Seljord, oktober 2011.

Gunhild Sundbø
styrar

ÅRSKALENDER

HENG MEG OPP !

VEKE	DATO	AKTIVITET
Veke 33 – 35		Oppstart
Veke 35	Torsdag 1.september	Foreldremøte
Veke 38	Måndag 19. september Mellom kl.15.30 og 16.45	Foreldrekafe for heile barnehagen
Veke 38	Fredag 23.september	Planleggingsdag
Veke 39 - 44		Foreldresamtaler
Veke 50	Tysdag 13.desember Mellom kl.15.30 og 16.45	Adventsamkome for Ekorn og Rev
Veke 50	Onsdag 14.desember Mellom kl.15.30 og 16.45	Adventsamkome for Elg og Rådyr
Veke 52	24.desember – 1.januar	Joleferie
2012		
Veke 1	Måndag 2. januar	Planleggingsdag
Veke 9	Tysdag 28. februar	Karneval for barn og personalet
Veke 9 - 13		Foreldresamtaler
Veke 12	Måndag 19. mars	Foreldremøte – tema
Veke 14	Frå kl.12.00 4.april – 9.april	Påskeferie
Veke 16 eller 17	Tysdag 17.eller 24.april	Foreldrekafe med dugnad
Veke 23	Måndag 4.juni 16.00 – 17.30	Sommarfest for Ekorn – Rev – Rådyr
veke 23	Tysdag 5.juni Kl. 17.30 – 19.00	Sommarfest for Elg
Veke 24	Måndag 11. juni	Planleggingsdag

PERSONALET

Namn	Stilling	Storleik
Gunhild Sundbø	Styrrar	100 %
Gro Aase Rue	Spesialpedagog	Timebasert
Mari Søgård	Logoped	Ved behov
Liv Johanne Naustdal	Reinhaldar	70 %
Anette Tveiten Øya	Assistent – fast vikar	60 %
ELG		
Unni Brudal	Pedagogisk leiar	80 %
Julianne Seltveit	Pedagogisk leiar	100 %
Monica Stykket	Assistent	100 %
Unni Lia	Assistent	100 %
June Vala - Aakre	Barnepleiar	20 %
RÅDYR		
Kjersti Aase	Pedagogisk leiar	60 %
Bjørg Anita Moen Listaul	Barnepleiar	80 %
Hilde Østbø	Assistent	40 %
REV		
Bente Færstaul	Pedagogisk leiar	60 %
Christel Nævdal Barlaup	Pedagogisk leiar	80 %
Britt Almquist	Assistent	80 %
EKORN		
Unni Lundeberg	Pedagogisk leiar	100 %
Marion Berge	Pedagogisk leiar	80 %
Merethe Lia	Assistent	80 %
Marianne Klingan	Assistent	60 %
Kristin Tveit	Assistent	50%
Hilde Østbø	Assistent	40 %
June Vala - Aakre	Barnepleiar	40 %
Anette Tveiten Øya	Assistent	20 %

ORGANISERING

Tussejuv barnehage gjev i dag eit tilbod til 60 barn i alderen 1 – 5 år.
Me har organisert barnegruppene i 4 aldersinndelte grupper :

- 1 og 2 åringane er Ekorn gruppa
 - 3 åringane er Rev gruppa
 - 4 åringane er Rådyr gruppa
 - 5 åringane er Elg gruppa
- **Ekorn og Rev har gruppe rom på Rosa side**
 - **Rådyr har gruppe rom på Blå side**
 - **Elg har gruppe rom i 2. høgda.**

Kvar gruppe har sitt faste personale.

Sjølv om me jobbar mykje gruppevis har me også eit sterkt fokus på samarbeid mellom gruppene både planlagt og "her og nå " samarbeid.
Dette gjer at barna blir godt kjent på tvers av alder og at barn og vaksne er trygge og kjente med kvarandre uansett kva gruppe dei er i.
Dette gjer det mindre sårbart om ein må bytte på personalet i gruppene ved fråver av det faste personalet.

SAMARBEID BARNEHAGE OG HEIM.

Mellom kl. 7.30 og 8.30 har ei tidlegvakt garderobevakt.

Garderobevakta skal ta imot beskjedar, spørsmål, prate med barn og foreldre, hjelpe til med avskjeden om det er behov for det.

Garderobevakta skriv beskjedar i vår interne beskjedbok som alle tilsette les i kvar dag.

Frå om lag kl 15.30 til 16.30 har ei seinvakt garderobevakt når me er ute.

Garderobevakta skal vera i området ved hovudinngangen og kan fortelje foreldra kvar barnet er, overbringe beskjedar frå personalet i barnet si gruppe og foreldre kan stille spørsmål.

Det er ikkje alltid garderobevakta kan svare men då skal vedkommande skrive opp spørsmålet i vår interne beskjedbok og personalet i gjeldande barnegruppe les beskjeden og kan ta kontakt med heimen.

Dersom me er inne på ettermiddagen vil ikkje denne garderobevakt ordninga fungere slik fordi me fordelar oss på dei ulike grupperomma.

Ta kontakt med oss om det er noko de lurar på !

DAGSRYTMEN

- 7.30** Barnehagen opnar. Alle kjem til **BLÅ SIDE**
Det er svært viktig at barnet blir kryssa inn av foreldra.
Fint om de fylgjer barnet inn.
3 – 4 tilsette har kome på jobb. 1 – 2 rom er førebels opne.
- 8.00- 8.45** Enkel frukost
- 8.30** Dei 4 gruppene delar seg på gruppe romma.
- 9.45** Gruppetid med ulike aktivitetar.
Alle tilsette er nå kome på jobb.
- 10.00** Frukt for Rådyr og Elg
- 10.30** Formiddagsmat for Ekorn og Rev
Sovetid
Påkledning
Ute leik
- 11.45** Formiddagsmat for Rådyr og Elg
Påkledning
Ute leik
- 14 – 14.45** Enkelt brødmåltid ute eller inne
Bleieskift
- 15 - 16.30** Leik inne eller ute.
Tilsette som har tidleg og mellom vakt avsluttar arbeidsdagen.
- Kl. 16.30** Barnehagen stenger



SATSINGSOMRÅDE

A . Leiken og leikens vilkår


For å gje leiken gode vilkår må personalet:

Legge til rette for at det fysiske miljøet er inspirerende og at miljøet speglar barna sine interesser, alder og utviklingsnivå.

Auke sin bevissthet og fokus på leiken.

Auke sin bevissthet om eigne haldningar til leiken og si eiga rolle.

Bruke møter i barnehagen til å reflektere og drøfte leiken.



B. Song

Song er sjølvsagt ein viktig ingrediens i kvardagen i barnehagen. Men me vil dette barnehageåret ha eit **ekstra** fokus på songen.

Spørsmål me vil stille oss:

Kva songar nyttar me ?

Kva med nynorsk songar, lokale songar og stev ?

Når syng me ?

Kan me syngje enda meir ?

Korleis responderar barna ?

Kva skjer i barnegruppa når me syng ?,

kva skjer med oss vaksne ?

Kva kjenner små og store når me syng saman ?

- Glede
- Fellesskap
- Tryggleik
- Varme
- Nærleik
- Energi
- Kraft
- Minner
- Lyst til å danse og røre på seg.

Ein gammal barnesong rommar kanskje ein djupare sanning enn me anar:

Frå boka ” Den musiske medisn ” av Audun Myskja

Med sang blir alle sorger små, med sang vi nye krefter får
Med sang blir himmelen høy og blå, den jager vekk alle skyer grå
Med sang vi verden rett forstår, med sang vi gledens høyder når
Med sang så lett vi veien går, med sang, ja med sang.

Frå boka ” Skilpaddens sang ” av Jon-Roar Bjørkvold

Det manglet en rytme, og sangen forsvant.
Det manglet en sang, og varmen forsvant.
Det manglet en varme, og leken forsvant.
Det manglet en lek, og latter forsvant.
Det manglet en latter, og barnet forsvant.
Det manglet et barn, og veksten forsvant.
Det manglet en vekst, og landet forsvant.
Rytme var grunnen til alt.

Fordi det ble rytme, kom sangen igjen.
Fordi det ble sang, kom varmen igjen.
Fordi det ble varme, kom leken igjen.
Fordi det ble lek, kom latter igjen.
Fordi det ble latter, kom barnet igjen.
Fordi det ble barn, kom veksten igjen.
Fordi det ble vekst, kom landet igjen.
Rytme var grunnen til alt.



Ein liten sangfugl

C. Tida

Me vil ha eit auka fokus på korleis me brukar tida vår i barnehagen.
Me opplever vel alle meir eller mindre at ordet **TID** berører oss.

Kinesarane har eit ordspråk som seier at tida går ikkje frå oss – **tid er noko me får.**

Korleis nyttar me tida me har saman ?

Spørsmål me vil stille oss :

Er kvardagen i barnehagen for travel ?

Har me for mange planer ?

Er me gode til å vera fleksible og endre planer ?


Får barna vera nok med på å påverke korleis me nyttar tida ?

Er barna stressa ?

Er vaksne stressa ?

Brukar me tida godt i barnehagen eller er det saker som røvar tida frå oss ?

Brukar me vaksne verbalt språk og kroppsspråk som underbygger at me har dårleg tid ?



DEI 7 FAGOMRÅDA

Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle lærings situasjonar.

Dei formelle er planlagt av personalet.

Dei uformelle er nærare knytt til kvardagsaktivitetar og rutinesituasjonar i barnehagen.

Læring i barnehagen skal gje barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område.

Desse er i Rammeplanen nemnt som 7 ulike fagområde.

Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag på skulen.

Me vil mellom anna jobbe med fagområda på desse måtane:

1. Kommunikasjon, språk og tekst

- song,
- rim og regler
- bli kjent med bokstavar
- bøkar
- spel
- samtale
- dramatisering
- bruk av data
- leik

2. Kropp, rørsle og helse

- turar i variert terreng
- bruk av gym rommet vårt
- ute leik i all slags ver.
- sunt kosthald
- lære om hygiene
- lære om kroppen og sansane
- veksling mellom aktivitet og kvile

3. Kunst, kultur, kreativitet

- bruke nærmiljøet med ulike bygningar og skulpturar
- Seljord kyrkje
- Sterke Nils-steinen
- Dyrskuplassen
- Sjøormen
- dramatisering av lokale segn
- bli kjent med lokal kulturarv
- kunstutstillingar
- konsertar i barnehagen
- song, musikk og dans
- ulike formingsaktivitetar

4. Natur, miljø og teknikk

- barna skal bli kjent i naturen og nærmiljøet omkring barnehagen
- barn og personale skal ha hyggelege og allsidige opplevingar i skogen
- barna skal lære om årstidene, planter, dyr og ver.
- barna skal bli kjent med tekniske hjelpemiddel som barnehagen nyttar
- barnehagen skal kjelde sortere søppel

5. Etikk, religion og filosofi

- markere jole- og påskehøgtida
- barn og personalet undrar seg saman
- personalet skal møte kvart einskild barn og familie med anerkjenning, respekt, toleranse og omsorg.
- personalet skal vera viktige støttespelarar for at barna skal utvikle sjølvkjensle og evne til respektere andre.

6. Nærmiljø og samfunn

- bli kjent i nærmiljøet
- vitje arbeidsplassar
- kunnskap om viktige stadnamn og bygningar i nærmiljøet

7. Tal, rom og form

- bli kjent med geometriske former
- bli kjent med tal
- spela ulike typar spel
- leike med ulikt konstruksjonsmateriell
- sortere og samanlikne.

BARNES RETT TIL MEDVERKNAD

Rammeplanen seier:

” Barn har rett til å seia kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølva, og at meiningane skal telje. Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider i barnehagen ”.

Å gje barn rett til medverknad handlar ikkje om å la barn få gjera som dei vil, det handlar heller om **å legge til rette for praksis** der alle opplever å bli høyrte og har innverknad på det som skjer.

Personalet i Tussejuv barnehage skal:

- Ta barna sine kjensler på alvor
- Møte barna med anerkjening og respekt
- Oppmuntre barna til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar
- Støtte barna når dei undrar seg og stiller spørsmål.
- Ta med barna i planlegging av opplegg og aktivitetar

DOKUMENTASJON

Rammeplanen seier:

” Kunnskap om arbeidet til personalet og verksemda til barna er viktig for utviklinga i barnehagen. Dokumentasjon kan vera eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis ”.

Dokumentasjon som me brukar i vår barnehage :

- Praksisforteljingar = kvardagshistorier frå barnehage dagen som utgangspunkt for refleksjon og drøfting i personalgruppa.
- Foto
- Utstillingar av temaarbeid
- Tekstskaping – barna fortel og personalet skriv ned.
- Månadsplanar
- Månadsbrev
- Dagboka



arkivfoto

VURDERING

Rammeplanen seier:

” Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for barns læring og utvikling ”.

Metodar vår barnehage brukar for å vurdere kvaliteten på samspelet :

- Praksisforteljingar
- Faglege drøftingar på personalmøte og planleggingsdagar
- Barnesamtaler
- Foreldresamtaler
- Foreldremøte
- Medarbeidar samtaler
- Tilbakemeldingar frå foreldre
- Løpande observasjonar og vurderingar personalet gjer av einskild barn, av kvarandre, barnegruppa og av verksemda generelt

OVERGANGEN BARNEHAGE TIL SKULE

Tussejuv og Heddeli barnehage har ei samarbeidsavtale med Seljord barneskule. Denne avtala er forpliktande for barnehage og skule. Den skal sikre at institusjonane får kjennskap til kvarandre sine arbeidsmåtar slik at overgangen for barna ikkje vert større enn naudsynt.

Ved at samarbeidet mellom pedagogane i barnehage og skule startar om hausten vert det mogleg for barnehagen å rette arbeidet med 5 åringane inn mot området som ventar dei når dei byrjar i 1.klasse.

SAMARBEIDSUTVALET FOR 2011/12

Foreldre representant	Yvonne Eilefstjønn Leif Sondre Romtveit	vara : Anne Torunn Øverbø vara : Bjørn Olav Eilefstjønn
Tilsettes representant	Bjørg Anita Moen Listaul Unni Lundeberg	
Eigar representant	Dag Sveinung Moen	mogleg ny representant.
Skrivar	Gunhild Sundbø	